Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Sogn & Fj

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jølster

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: S. Myklebust

Gard: Veiteberg Ulaberg

(adresse): Veiteberg.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Anders Veiteberg og A. D. Ulaberg 75 år

SVAR

1. Ved bordet
Ein sat til bords alltid, ved langbordet. - Skiva kalla ein eit mindre bord i stova som ein nytta i brudlaup og lag. Mindreære å sitje ved skeiva.
2. Heile huslyden sat og eit ved same bordet. Men bordskikken er kje so fast no, då ein ofte et ved ei mindre bord på kjøkenet.
3 - Alle et samstundes, men kvinnene og husmora et etterpå om der er lite plass, og dei elles må skilnad på bordet.
4. Alle et same maten. Tenarane må heller ha det beste, ved byting.
5. Et på kjøkenet no til kvardags. I stova same måltid ved høgtider, serleg jul. Eldre hus, bygde kr 1900, har små kjøken, so huslyden lyt eta i stova. I kjellaren om sumaren.
6. Når det er framandfolk et ein gjerne i stova fyrste måltidet og husbonden ell. andre av huslyden

4980

et i lag med dei, born og tenarar på kjökenet. Ved seinare måltid et ein alle på kjökenet gjerne; tekk det lettvint

7. För hadde alle faste plassar ved bordet: Húsbonden sette seg fyrst inn i högsætet, so kona, om ikkje ho skulle servere. Innanför bordet, næst húsbonden drengene og sveinane (gutane) innanfor bordet, under glaset. Hevde kårfolka og dei gjekk i bröd (elles au) sat dei i högsætet og húsbonden nærast til, på drengene sin plass. Kvinnfolka og ternene sat på krakken. — Ein terne innanfor bordet var eit sersyn. Ei terne som sat ved sida åt húsbonden i högsætet, vart eit bygdarop.

Gamle-besta (kona) på Tonn sat i högsætebenken, eit stykke frå bordet og åt for seg sjålv. Men ho var no nokko for seg sjölv, au.

— Heime sat gjerne dei yngste gutane nærast húsbonden, so han kunne hjelpe dei (A)

8. Borna sat til bords, om der var plass. Men på Vlakegg var so mange til bords at borna for frå ken eine til den andre, kraup under bordet, og dukka opp her og der. — Nö er det ofte so at borna skal ete for seg sjölv i visse höve, so dei ikkje skal vere i vegen og skjemme út der dei vaksne et.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4980

9. Ein reknar med at husbonden skal ha högsætet framleis. Men i dei nye hüsa er det so greitt med högsætet, då borda står på ymse stelle. Mange let den framande gjesten ta högsætet. I staden for högsætet sa vi au: fremste benken.

10. I högsætet skal ein ikkje snu ryggen mot döra, og dei som kjem inn

11 Hendene vaskar ein före maten om morgonen kanskje, eller om ein hadde skitna seg serleg üt. Det har vorte nöyare med slikt etterkvart, skülane, serleg husmorsskülane og nasjonalforeninga mot tuberkulose sine talarar, har her gått føre, serleg etter 1910, då ein fekk helsesystre.

S. S. Veiteberg f. 1854 fortalde at dei åt med lüene på og ikkje las for maten. Men det endast truleg 1870-åra, so dei fleste hugsar ikkje anna at dei åt svært sömeleg — Men Bertel Veiteberg d. 1915, tok aldri av seg lüa når han åt. — Truleg i 80 årsalderen

12. Alle åt av same fat like til 1920-30 åra sume stader. Samleis mjölkeskål i saman når ein åt graut og sül. Graut og sovåauge!

Skulle ein ete smörte, tok ein liten grautbete, stakk han i münnen og beit litt av 'n, før ein stakk 'n i sülskåla. Andre tok heile beten i münnen først, og sume åt graut for seg og mjölk for seg (sjeldan) A.

4980

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Då ein tok til med kaker, brim og kolt mjölk til frukost (nons) fekk ein kvar sin mjölkekopp, 1905 - 20åra, av steintøy (porselen).

Kaffi: Sume bruka kaffi alt 1890 åra, maltkaffi til 10 öre morka, stundom blanda med ekte kaffi. - Ein reisande spurde om han ikkje kunne få rein kaffi (ikkje maltkaffi). Bestemor Veiteberg sa då at han kunne få mjölk om han trudde det var skite i 'n.

Fyrste som nytta ekte kaffi var Mattias Bolset i brudlaupet sitt 1898 - Kona var frå Romsdalen og tente på hotellet der på Skei. Elles fekk D. Klakegg fyrste kaffikjel på Klakegg ca. 1882 - Sume vart svære å drikke kaffi. Kona til Egge-rusten: „Dei som visste kor mange koppar du har drukke no?" „Jau, det skal eg seie deg det, du! Det er ti'llevve det, du!" Han kom til Veiteberg og kona sette kanna på bordet. Han drakk ho tom.

Ein slær grautmjölka frå mugge, ell. auser av skål på graut-tallerken.

— Øl og mat fekk dei oppi heimane, når ein kom til brudlaupsgarden. Det var fint å løype litt (spare) og Knut Aamot la leivningen på bordet so lenge. Skøyararane lurte seg til å ete mest opp resten, so Knut stod der til skamme, då han tok etter beten

4980

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„De skal ikkje stå der og glise
åt min mate. Eg har vore blandt
folk før, og fare åt som folk, au,"
skjente då Knuten - Kveldsmaten
vart ståande på bordet om natta,
og dei som dansa tok til seg av
maten i„ Det var pent med kvite
duke og målte bòroskar på bordet,"
seier bestemor (A).

13. Hadde ein sidekjøt eller
kokte pølser, sette ein gryta på
bordet med pinnar under. Dette
såg eg nyleg hos Elling Håheim. Dei
duppa brødet i sodet (flotet).
Men på Veiteberg nimmest dei
ikkje dette, for dei hadde serskilt
flotgryte med grytefot
på tre bein



Elles set ein steikepanna på
bordet med flesk, pølser og flot
som ein duppar i, enno.
- Kom framande, la ein duk på bordet

14. Ein laga seg sovre bàusar
av flatbrød med smør på, poteter,
fisk ell. ost. Til kvardags helst
sildebàusar og fleskebàusar med
poteter på ell. brim (graut au)
Når dei sal baka, laga dei
seg sildebjønnar: rulla ei sild inni
ústeikt leiv, som ein la på hella
Det var omframmat når ein baka
Borna likar lyte det; for salt.
Born fekk rommebàusar når
dei skulle kinna smør. „No snakkar
eg stått, får eg ikkje rommebàuse," truga

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4980

ein liten gut.

Dei kunne og ete brimbausar av flatbröd og brim, og ha römme utover brödet. - Born tok råe poteter og la i glohaugen i grua og steikte, som dei elles steikte potet-skiver på omnsdörene sian.
- Ein bause - bausen - fl. bausar - bausane
Bausar nyttar mange enno, av gamal vane, og i lag der ein har mjukt flatbröd, smörbausar m. ymse slag ost og fisk.

15. Ja, no tek ein sukkeret i munnen, etter at ein gjerne har dukka det i koffien litt, siste 20-30 år. Før hadde ein alltid sukkeret oppi koffien. „Dei kan ha koffien for meg, for eg ikkje sukker i han," seier ein. No bryr ein seg mest ikkje om sukker i koff. lenger, etter 2 verdskrig. Men fyrst ser det ut til at dei nytta sirup. Og på Skei nytta borgaren der å ha sirup i koffien åt gjestene i st. for fløyte. - Simpelt å ha sukkeret i koff. no!

16. Før drakk dei alltid av fatet „No får vi gjere som dei gamle kjeringane og slå koffien på fatet" sa presten Bredevik, han hadde lita tid. 1930.

17. På Veiteberg hadde dei ein fin gaffel med 2 tindar, arv frå Bjørsetts lensmannsgard.

massinghöllaar, kule midt på dei beinan tindane.

Seinare jarngaffel m. treskaft, 1910

4980
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7

Gaffelen gjekk virst på lån, for ein gong presten kom til gards (Lervie) var gaffelen på Øygarden, 1870 år. Kona på Veiteberg, Johanna, seier ho har alltid nytta gaffel der sidan kom dit 1907, frå Reyklebost.
L. D. Klakegg hugsar ikkje gaffel som smågut. I barsølet til Sigurd Klakegg, Skei, for 65 år sidan, sa faren Anders Klakegg til hotellfolka: „Eg fekk ein femtiøres gaffel av 'n far, og den brukar eg!" —

18 Mennene brukka tollekniven når dei åt i marka, og stundom ved bordet til spekekjøt og flesk. Elles hadde dei jüngar; bordknivar, som dei hadde laga seg, kanskje av ljåsbrot med avslipt bakkee, treskaft. Men dei hadde og finare knivar dei laga sjølv med holkar på beinskaft, ell. skaft av ler-ringar. Og so fallekniver med messingskaft og innfelt namn og roser. Desse hadde dei med seg i lag. „No får de ta opp knivane, dei som har med seg," sa kjøkemeisteren. Dei som ikkje hadde med seg fekk utdelt knivar. Skeier hadde dei i tunnevis av på Veiteberg. Brann opp 1916.

Dei hadde kvar si skei, ofte fint utskoren i skaft og blad, med namn




-jüngar m. tre, bein og lerskaft
fallekniv her-



4980

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19. „Eg hugsar treskeiene hans Friis-Ola; dei var so flåe. Vi likea dei'kje når vi skulle ete gumme", seier beslemor. So kom tukthusfangar, Trådalen, glaga folk hornskeier. Etter kvart fekk jarn og allumeniums-skeier overtaket kr. 1900. Eg hugsar mest ikkje ei vanleg treskei i bruk, men ei og annor hornskei (A). No mest sylv og plett i bruk. Folk tok til vaske skeiene 1880-90åra Men gamle folk hugsar godt dei sette skeier og knivar i rekke over hogsetet, for husbonden, rekke ved glaset for drengene og gutane, som au kunne selje dei i beten i ei rivne, helst knivane då, med ein leivning av kjøt ell. raspekake som kniven gjekk gjennom. Leivningen kunne ein elles på bordhen leggje oppå beten. Dei bad born sleikje vel av skeia, då vi var små; truleg leivning frå det vi ikkje vaska dei. Eg hugsar sjølv at drengen kunne selje skei oppmed glaslista til neste mål

20. Steintoy kom fram mot 1900 I gåver når det var i brudlaup o.s.b. Før hadde dei flate umåla bordskor

 eller trefat  som ein kjøpte av Arne på Svarene ell. treiningar, som fekk fullt stort kjerald med korn for, 2-3 gonger fullt for mindre ting. So fekk du gjerne eit kjerald attpå om du kjøpte 3 stk.

4980

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

20. Frå same fat gjekk ein over til flate ell. djupe tallerkar etter kvart ein vart utstyrd med slikt.

21. Nytta ikkje borddúk før til helga. Bordet skura ein laurdag, sette det oppi benken so lenge, let det liggja omsnutt laurdag, eller la dúk på det (Myklebost) laurdag. Elles bruka ein ikkje dúk før julafton. Og då låg han på heile jula.

22. No brukast nyleg voksdúk eller berre brekvitt bord. På Klakegg fekk dei ett målt bord då dei hadde ein snikkar til dreng der. Unntakk!

23. Maten vart bytt, før ein gjekk til bords. Tenarane fekk mest ell. best. Kvinner gjerne mindre og born etter storleiken.

24. Bytte kjøt og kaker (2 fleskekaker til kvar), flatbrød, 1 leiv til kvar. På Øygarden fekk skogaksarane berre 1/4 leiv kvar, ei tid. Smalhans, 1860! Smør fekk ein i kvar sitt staup ell. an kanne, som mor hadde. Born hadde små trestaup. Bruka smøret til flatbrødbausar, svele og potetkake m. ost på. Poteter bytte dei au. Men ikkje alle bytte maten. Det var kona i huset som bytte maten, og det var eit ansvarsfullt arbeid.

25-26. Mor og eldre sisken hjelper dei små ved bordet.

27. Tygg alltid maten til spebarn som kringler, småbrød og rommegraut til før heimskrigen omlag. -

4980

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

28. Vanleg å lese stillt for maten her. Las morgonbøna høgt; Morgonbøna for feilebyrding -: soleis byrja Jermes Haugen ein gong.
29. Snakka lite ved bordet heime. Kunne vere om planer for arbeidet som husbonden lufta.
30. „Sit ikkje og le med du ete!"
31. Kjenner ikkje til at nokon song til bords
32. Alle sat til bords til ein hadde lese for maten i alle fall i helga. Vinnestider mein gruse Betre bordskikk for enn no, soleis.
33. Takka ikkje for maten, utan det er nokor sers.
34. Framande sa: „Signe spissen!" (Velbekomme spissen! -„- maten!) Svar: Takk! - Sjå å få deg ein sesse! „Tau takk det er råd til di"- Fremste benken skulle alltid vere rydig om det kom nokon.
35. Ikkje vere med til bords ein var byrja måltidet.
36. Men mellom måltida måtte dei framande setje seg inna å få seg litt mat: smør og brød, rømmeaske og spekekjøt. Sette gjerne heile smør-amboren ell. gamalosten på bordet - Elles kom det an på kor gjestfrie folk det var då, som no -
37. Framande fekk beste maten, og åt åleine. No et husbonden gjerne med.
38. Ikkje kaffi til framande hor, men gjerne ein dram (og kaker) til sers gjester
39. Gjesten et i stova: „Men eg tenkjer du sit her aleine. Eg vart so oppteken!"
41. „Far sette seg alltid i fremste benken eit stykke frå gjesten, som åt." (B)

4980

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING